

Møteprotokoll

Utval: Vestlandsrådet - arbeidsutval
Møtestad: Digitalt møte
Dato: 13.06.2024
Tid: kl 09:00 - 10:00

Faste medlemer som møtte:

Anders Riise
Ole Ueland
Jon Askeland

Funksjon

Leiar
Medlem
Medlem

Representerer

H
H
SP

Frå administrasjonen møte:	
Gunn Randi Seime	Møre og Romsdal fylkeskommune
Gunn Claire Westad	Rogaland fylkeskommune
Iver Jan Leren	Rogaland fylkeskommune
Kristin Talgø Lund	Rogaland fylkeskommune
Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune
Thorbjørn Aarethun	Vestland fylkeskommune
Lasse K. A. Hansen	Vestland fylkeskommune
Tomas Finnøy	Møre og Romsdal fylkeskommune

Saksliste

Saksnr	Sakstittel
PS-10/24	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
GP-	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-11/24	Drøftingssak - Arendalsuka opplegg arrangementet 12.08.2024
PS-12/24	Drøftingssak - forslag til opplegg ONS
PS-13/24	Drøftingssak - Neste møte i Vestlandsrådet - saker, dato og stad
PS-14/24	Neste møte i arbeidsutvalet

Møtet blei heva kl. 10:00

PS 10/24 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Vestlandsrådet - arbeidsutval 13.06.2024

Møteinnkalling blei godkjent.

Saklista blei godkjent.

GP Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Vestlandsrådet - arbeidsutval 13.06.2024

Vedtak:

Protokollen frå forrige møte vart godkjent.

PS 11/24 Drøftingssak - Arendalsuka opplegg arrangementet 12.08.2024

Vestlandsrådet - arbeidsutval 13.06.2024

Vedtak:

Administrasjonen ved Iver Jan Leren la fram skisse til opplegg, inkludert;

- fagleg innhald og innleiarar
- samarbeid med Norsk Hydrogenforum
- marknadsføring av arrangementet gjennom kjøp av pakke gjennom DN
- avslutte med paneldebatt der fylkesordførarar deltar

Opplegget vart understøtta og vedteke av Arbeidsutvalet.

I tillegg kom AU med følgjande oppfordringar:

- Administrasjonen vurderer å lage ein meir «provoserande» tittel.
- Alle i møtet bør bidra til å marknadsføre arrangementet i eigne kanalar.

Innstilling:

Saka legges fram uten innstilling

PS 12/24 Drøftingssak - forslag til opplegg ONS

Vestlandsrådet - arbeidsutval 13.06.2024

Vedtak:

Ulike modellar for møte og arrangement vart drøfta, men det blei konkludert med at eige arrangement var uaktuelt no.

Ei omvising er mest aktuelle opplegg, då kombinert med AU-møte – sjå PS-14/24.

Innstilling:

Saka legges fram utan innstilling.

PS 13/24 Drøftingssak - Neste møte i Vestlandsrådet - saker, dato og stad

Vestlandsrådet - arbeidsutval 13.06.2024

Vedtak:

Sakene administrasjonen la fram som forslag vart vedtatt tatt med i dagsorden til neste møte i Vestlandsrådet.

Det blei ein diskusjon ikring saka knytt til Høyringsvar frå Vestlandsrådet til “NOU 2024: 7 Norge og EØS: Utvikling og erfaringer”, der det vart konkludert det følgjande:

- Høyringsvar frå Vestlandsrådet, og då basert på fylka sine høyringsvar, skal utarbeidast og sendast fram.
- Må be om utsett frist då neste møte i Vestlandsrådet kjem etter høyringsfristen 1. september.
- Vurdere eit eige arrangement- til dømes med Sintef, for å lære korleis hente meir ut av EØS-avtalen.
- Prosjektleiar næringsstrategien, Iver Jan Leren, vil koordinere arbeidet med Vestlandsrådets høyringsvar.

Vidare vart det vedteke at neste møte i Vestlandsrådet var flytta frå den planlagde datoen 21. august, blant anna grunna konflikt med Nor Fishing 2024. Ny dato vart ikkje fastsett i møtet, men administrasjonen skal leggja fram forslag for AU for fastsetting av dato på e-post.

Innstilling:

Saka leggst fram utan innstilling.

PS 14/24 Neste møte i arbeidsutvalet

Vestlandsrådet - arbeidsutval 13.06.2024

Vedtak:

Arbeidsutvalet vedtok at ein skulle legge neste møte i AU til tysdag 27. august på formiddag. (09:00-11:00).

Rogaland fylkeskommune får i oppdrag å finne lokale til møtet

Innstilling:

Saka leggst fram utan innstilling.